


ÅRDALSPOSTEN

KYRKJELYDSBLAD FOR ÅRDAL

nr. 1 | 2020 | 63. årgang



Farnes Kyrkje 50 år



■ Sjå side 4-5

Jubileet vert markert utover i året
– startskot med bokslepp 13.mars

■ I dette nummeret finn du glimt frå det som
har vore – og noko om det som kjem.
Snart er det påske.

Altarbiletet i Farnes kyrkje viser den
sigrande Jesus.

Han er ikkje lenger på krossen – han stod
opp og gav håp til alle..



Kontaktinformasjon

Adresse:

Kyrkjekontoret, PB 41, 6881 Årdalstangen

Besøksadresse:

Rådhus II (Inngang i Meierigata)

Sokneprest Wenche Lie Lysne

Tlf: 995 54 531

E-post: lie_wenche@hotmail.com

Sokneprest Olav Nese

Tlf: 975 00 650

E-post: one@ardal.kommune.no

Kyrkjevevje Johanne Molland

Tlf: 477 99 135

E-post: johanne.molland@ardal.kommune.no

Konsulent Ruth Jane Øren

Tlf: 474 88 881

E-post: Ruth.Jane.Oren@ardal.kommune.no

Kateket Inger Anne Eldegard

Tlf: 991 04 650

E-Post: iaeldigard@gmail.com

Kyrkjetenar Jane Susan Bjørk Hestetun

Tlf: 474 88 956

E-post: Jane.Susan.Bjork@ardal.kommune.no

Kantor Freek Ypma

Tlf: 478 11 168

E-post: fypma@online.no

Kantor Bert Brons

Tlf: 478 26 421

E-post: bertbrons@hotmail.no

Farnes kyrkje, kyrkjetenar: tlf: 474 88 956

Årdal kyrkje / Kyrkjelydshuset: tlf: 474 88 980

Leiar Nedre Årdal sokneråd:

Grete Hovland, tlf: 906 94 589

Leiar Øvre Årdal sokneråd:

Hilda Nese, tlf: 911 32 652

Leiar Årdal kyrjelege fellestråd:

Oddbjørn Einan, tlf: 906 22 660

Leiarer har ordet Organisasjonsending

Johanne Molland er frå 01.01.20 tilbake i stillinga som kyrkjevevje. Ruth Jane Øren som har vore fungerande kyrkjevevje ein periode, er frå same dato tilsett som konsulent ved kyrkjekontoret. Ho vil ha ulike oppgåver i samarbeid med kyrkjevevja, m.a. vil ho ha ansvar for gravferdsforvaltninga, stell og vedlikehald av kyrkjegardane samt administrasjon av festeavgifter og stellavtalar. Nina Hunderi som har vore tilsett som sekretær sidan 2007 har sagt opp stillinga si frå 31.12.19.

Fellesrådet vil ynskja Johanne velkomen tilbake og takke Ruth Jane for innsatsen som fungerande kyrkjevevje og uttrykke glede for at ho no vil fortsette med litt andre oppgåver ved kontoret.

Vi vil og takke Nina for tida ho har vore hjå oss og ynskje ho lukke til i anna jobb.

I tillegg til desse endingane gler vi oss over å ynskja Eirun Elise Austli velkommen som ny kyrkjetenar frå midten av mars.

Oddbjørn Einan

leiar i Årdal kyrkjelege fellestråd

PARKERING VED FARNES KYRKJE

Det er mykje aktivitet i Farnes kyrkje både på dag- og kveldstid – heldigvis!

Dei besøkjande kjem ofte med bil og nyttar gjerne vegen som går inn til kyrkja til parkering. Denne vegen er i utgangspunktet berre tenkt som ein gangveg for gåande og syklande samt tilkomstveg til kyrkja. Ved ei eventuell uttrykking vil beredskapen ha vanskar med å kome fram om det står køyretøy her.

Ein ber difor om at brukarane av kyrkja nyttar parkeringsplassen ved Ungdomshuset.

Giro og VIPPS

I dette bladet finn du ein giro for innbetaling av bladpengar for Årdalsposten.

Me set pris på at mange betaler for bladet, og de kan no velja om de vil nytta giroen eller betala med Vipps til nr. #548431

*Oversikt over
Vipps-nummer:*

Nedre Årdal sokn:

Offer: 139797

Heisprosjekt: 550556

Årdalsposten: 548431

Øvre Årdal sokn:

506626

Her har ein berre eitt nr – ved betaling får ein opp val mellom offer og basar

Trassig tru – og eit levande håp

Tekst: Inger Anne Eldegard

Foto: Ruth Jane Øren

”Kvifor er du så langt borte,
Herre, kvifor løyner du deg i
trengselstider?”

Slik ropar salmisten i Salme 10 i Det gamle testamentet.

Slik kan menneske tenkja eller ropa i vår tid òg, når ein opplever tunge tider i eige liv eller hjå sine næraste – eller når ein framfor TV-skjermen stirer seg matt og motlaus på naturkatastrofar og anna elende kring i verda.

Kan ein tru at det finst ein Gud når det skjer så mykje vondt? Om han finst – kvifor svarar han då ikkje? Spørsmåla er mange og det er ikkje enkle og lettvinne svar i møte med menneske som lir.

I kyrkjeåret er me no i fasten – førebuingstida fram mot påske. Utgangspunktet for fastetida på førti dagar er at Jesus byrja gjerninga si med å fasta og bli freista i 40 dagar. I påsken tre år seinare fullførte han frelsesverket han kom for.

Jesu liding og død kan vera til trøyst og hjelp for den som lir. Gud bryr seg så mykje at han kom og gjekk inn under same kår som menneske. ”Fordi han sjølv har lide og vorte freista, kan han hjelpe dei som blir freista”, skriv forfattaren av Brevet til Hebrearane (Det nye testamentet).

Jesus kjenner lidinga og han kjenner oss. Han veit kva det er å vera menneske, og han har lova å høyra når me ber. Det skal me få halda tak i – anten me har ei sterk tru eller kjenner mest på tvil og uro. Me skal få venda oss til Han med alt – kanskje i trassig tru.

Hovudsaka i påskebodskapen er likevel noko meir og større enn berre medkjensle.

Jesu verk var eit oppgjør med vondskapen, og det enda ikkje med liding og død.

Det kom ein påskedag – som me



Utsnitt frå påsketeppe i Årdal kyrkje, laga av Unni Sjøstad

syng i ein barnesong: ”Krossen er tom, og grava er tom – Jesus stod opp og han lever!” Jesus vann over døden, og me får del i hans siger.

Dette er det mest sentrale i kristentrua. Dette var det augevitna forkynnte, og dette heldt dei fast ved endå det for nokre av dei førte til fengsel og til og med dødsdom. Dei hadde fått eit levande håp – eit evig liv som ikkje ein gong liding og død kunne ødeleggja. Denne bodskapen har me òg fått – dette livet er òg for oss.

”For først og fremst overgav eg til dykk det som eg sjølv hadde motteke”, skriv Paulus i kap.15 i første brevet sitt til kyrkjelyden i Korint – og summerer:

”at Kristus døyddes for syndene våre, som skriftene har sagt, at han vart gravlagd, at han stod opp att tredje dagen, som skriftene har sagt, og at

han synte seg for Kefas og deretter for dei tolv. Så synte han seg for meir enn fem hundre sysken på ein gong. Dei fleste av dei lever enno, men nokre har sovna inn.... Og aller sist synte han seg òg for meg...”

At dette er det heilt avgjerande i trua, strekar han under når han held fram:

”...har ikkje Kristus stått opp, då er trua dykkar meningslaus, og de er enno i syndene dykkar... Har vi berre for dette livet sett vårt håp til Kristus, då er vi ynkelegare enn alle menneske.

Men no er Kristus oppstaden frå dei døde. Han er førstegroda av dei som har sovna inn. Fordi døden er komen ved eit menneske, så er òg oppstoda av dei døde komen ved eit menneske. For liksom alle døyr på grunn av Adam, skal alle få liv ved Kristus.”

FARNES KYRKJE 50 ÅR

Tekst: Inger Anne Eldegard

Foto: Arkiv/ AMH 2009



Farnes kyrkje vart vigsla søndag 12.april 1970

På sjølve Påskedag i år er det derfor akkurat femti år sidan me fekk den etterlengta kyrkja i Øvre Årdal.

Dette vert sjølv sagt markert i høgtidsgudstenesta 1. Påskedag, men ei større feiring kjem seinare, då det er lettare å samla mykje folk frå fjern og nær.

Startskotet går med eit bokslepp som du kan lesa meir om her på desse sidene.

Då vert òg programmet for jubileumsåret vidare presentert, men me kan allereie no røpa at det skjer mykje i oktober.

For born og unge er me allereie i gang med opplegg i samarbeid med

Farnes skule, og barnehagane vil få invitasjon til bursdagsfeiring litt seinare.

Her i Årdalsposten tek me meir om arbeidet som vart gjort før kyrkja vart ein realitet – denne gongen fokuserer me på innsatsen til kyrkjeringane.

Komiteen som har planlagt jubileumsfeiringa har valt å bruka bilete av toppen av kyrkjetårnet som logo, så dette vil du sjå i ulike samanhengar utover.

Tårnet peikar oppover og minner oss om Gud – om noko som er større enn oss – og om klokkene som kallar menneske saman i glede og i sorg.

HAR DU BILETE AV KYRKJA - ELLER HAR DU MINNE / OPPLEVINGAR DU VIL DELA?

Me reknar med at mange er interesserte i å sjå bilete frå då kyrkja vart bygd.

Nokre gamle bilete har me fått tilsendt, men me vil gjerne ha fleire som me kan dela i samband med jubileet.

Me veit at det er mange ivrige og gode fotografar i bygda, og er òg interesserte i nye bilete av kyrkja slik du ser den!

Kyrkja er ein samlingsstad i mange ulike høve, og det er derfor fint om det òg er nokon som vil fortelja / dela minne eller opplevingar de har hatt her.

Kva betyr Farnes kyrkje for deg?

Har du opplevd noko fint her – noko sterkt – eller kanskje noko morosamt eller komisk...?

Har ein ikkje kontantar, er det mogleg å vippsa til 2426 – vel då Kjøp og betal.

FASTEAKSJONEN 2020:

Ta vel imot konfirantar og andre bøsseberarar 31.mars

To veker før påske går rundt 40.000 friviljuge bøsseberarar fra 1200 norske kyrkjelydar frå dør til dør over heile landet og samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Dei innsamla midlane går i hovudsak til å syta for reint vatn i område der dette er eit problem – men òg til anna hjelp for menneske i naud.

Også her i Årdal har me lang tradisjon for at konfirantar og andre er med på denne innsamlingsaksjonen tysdag før palmehelga. Me håpar de vil ta vel imot dei som kjem på døra.

Har ein ikkje kontantar, er det mogleg å vippsa til 2426 – vel då Kjøp og betal.

Som start på jubileumsfeiringa i Farnes kyrkje blir det **Bokslepp fredag 13 mars kl. 18.00** **Arv i ord - Tekstar av Arna Engen Berge**

Tekst: Olav Nese

Arna Engen Berge var ein kjent person, frå ho kom til Årdal på begynnelsen av 60 talet til ho gjekk bort 22. mars 2018.

Ho etterlet seg ei mengd med tekstar frå ulike område i livet. Mange av tekstane, som tekstane om «dei søte små» og tekstane som er underskrivne med «Filosofen», har tidlegare stått på trykk i Årdalsposten.

Nokre er skrivne til særskilde høve som gravferd, jubileum, eldretreff i kyrkja eller russerevyen til dottera Torunn, og har såleis vore framførte for ei forsamling. Då familien rydda i sakene hennar, fann dei fleire tekstar som ingen ante fanst. Fleire turskildringar. Ei science fiction novelle. Ein revidert versjon av skapingssoga. Ei mengd dikt på små parpirlappar. Å rydde i papira hennar var som å gå på skattejakt. Familien tykkjer dette er tekst-skattar som fortener eit større publikum,


og har difor gjort sitt beste for å samle det dei fann, mellom to permar.

Tekstsamlinga er illustrert av barnebarna til Arna: Emma Marie (8), Emanuel (7) og Victor (4).

I Arna si ånd har familien funne ut at Soknerådet og dei skal dela inntektene og utgiftene med denne boka. Familien tek alle utgiftene og Soknerådet alle inntektene! Boka kostar 250 kr.

Fredag 13 mars kl. 18.00 vil Torunn lese litt frå boka og det blir høve til å kjøpa den.

I tillegg blir det musikalsk innslag og enkel servering. Arna gjorde mykje i kyrkja og Soknerådet er glade for denne anledningen til å ta fram den allsidige Arna. Dette vil vera ein passelig innleiing til feiringa av at Farnes kyrkje no er 50 år. Difor vil ein leggje fram programmet for resten av feiringa der.



T.v.: Illustrasjonen foresteller farmor som skriv, og er teikna av barnebarnet Emma Marie Berge.

Ho var åtte år då teikninga vart til, men har fylt ni no. Emma Marie er nok den av barnebarna som best hugsar farmor, fordi dei to andre er yngre. T.h.: Eitt av dei siste bileta av Arna Engen Berge

Strikka og sydde for å skaffa utstyr til kyrkja

Tekst: Kjell Eldegard, Foto: Privat/Årdal Sogelag

Frå slutten av 1950-talet gjorde lokale kyrkjeforeiningar, både i Øvre Årdal, i Fardalen og i Utladalen, ein stor innsats med å samla inn pengar til den nye kyrkja som skulle byggjast i Øvre Årdal, Farnes kyrkje.



Mari Hjelle (t.v.) og Olaug Holsæter er dei to attlevande frå kyrkjeringen i Fardalen. Frå 1959 og fram til Farnes kyrkje vart vigsla i 1970 arbeidde foreininga i Fardalen og fire andre foreiningar i Øvre Årdal med å samla inn pengar til utstyr i kyrkja.

Ifølgje bygdebok for Årdal, band 2, vart den første kyrkjeringen i Øvre Årdal starta opp alt i november i 1947. Ringen vart skipa og leia av Brita (i Nørøyni) Fløgstad, og føremålet med ringen var innsamling av pengar til den planlagde kyrkja. Vel ti år seinare, i 1959, var det skipa kyrkjeforeiningar i Fardalen og Utladalen, og året etter ei foreining på Farnes.

MEST KVINNER

Foreininga i Fardalen vart leia av Ingrid Holsæter, medan det var Anna Jevnaker som vart valt til leiar i kyrkjeforeininga i Utladalen. Kyrkjeforeininga på Farnes kom i stand i 1960 etter eit initiativ frå Ingeborg Mylebust, kona til Anders Myklebust, som var hjelpeprest i Øvre Årdal på den tida. Så og seia 100 prosent av dei som

var med i kyrkjeforeiningane var kvinner.

No i 2020, vel 60 år seinare, er det ikkje så mange att av dei som var aktive i desse foreiningane. I Fardalen var dei på det meste oppe i 12 medlemmer. Dette var: Tilda Rønneseth, Inga Indrebø, Mari Holsæter, Olaug Holsæter, Malla Holsæter, Ingrid Holsæter, Anny Holsæter, Anna Eldegard, Johanna Melheim og Barbra Melheim Seim frå Fardalen. I tillegg var søstrene Ida Caspersen og Mari Hjelle, oppvaksne på Holsete og busette nede i Øvre Årdal, med i foreininga i Fardalen.

TO MØTE I MÅNADEN

To av dei som var med i Fardalen, Olaug Holsæter og Mari Hjelle, fortel at dei møttest med jamne mellomrom, om lag to gonger i månaden. Desse møta sirkulerte frå ein heim til hin. I tillegg til prat gjekk det i strikking og syng av gevinstar, som vart lodda ut på dei årlege basarane dei arrangerte.

- Basarane hadde me i første delen av juni månad. Og der brukte det å møta opp godt med folk.

Både fardøler og folk frå resten av kommunen, fortel Olaug.

- Basarane vart som regel haldne utandørs. Den første basaren, i 1962, vart halden på Høysete. Ein gong var det Svinekra som var basarstad, fortel ho.

32.000 KRONER

Kyrjebasarane, både i Fardalen, Utladalen og i dei tre foreiningane i sentrumsområdet, gav godt med inntekter til føremålet. Mari og Olaug fortel at i tillegg til det

medlemene sjølve laga til, var bygdefolket rause med gåvepremiar til basarane.

- Og folk var flinke til å stø oss med å kjøpa lodd, seier dei.

Kyrkjeforeininga i Fardalen gav mellom anna 32.000 kroner til kyrkjebenkane.

- I tillegg stod det att pengar då me avslutta arbeidet i foreininga etter at kyrkja stod ferdig. Desse pengane vart nytta til å kjøpa lysestakar i sølv til kyrkja, fortel Mari og Olaug.

FEM FOREININGAR

Etter det ein kan lesa seg til i ein artikkel Thomas Hæreid skreiv i bygdebok for Årdal, var det i alt fem kyrkjeforeiningar i Øvre Årdal og dei to dalane. Dei fem foreiningane gjekk mellom anna saman om å samla inn 230.000 kroner til ein altarduk sydd i Hardangersaum og anna utstyr til den nye kyrkja. Den eldste kyrkjeforeininga på Farnes samla inn 105.000 kroner til lysutstyr, dåpsfat, korstolar, teppe og tre mesihaklar. Kyrkjeforeininga i Utladalen gav 64.000 kroner som vart nytta til altartavla og dei sokalla Biri-stolane.

Elles gav ei av foreiningane på Farnes 16.000 kroner til flygel i kyrkja, medan foreininga på Vesida gav 5.000 kroner som vart nytta til kjøp av altarduk og ein messehakel. Det er verd å merkja seg at dei nemnde summene, til saman 452.000 kroner, er i pengeverdien frå 1970. Omrekna til 2019-verdi, ved å bruka Norges Bank sin kalkulator, kjem ein opp i den nette summen av 3.911.400 kroner.



Også i Utladalen var det ei aktiv kyrkjeforeining. Her er medlemane samla til eit møte i stova på Svalheim. Dei fleste på biletet er borte no, men Ester Eldegard – den unge dama som står heilt til venstre, lever og er no snart 101 år. (Foto: privat/Årdal Sogelag)

Jane og kyrkja

Tekst: Inger Anne Eldegard, Foto: Ruth Jane Øren og IAE

Me som arbeider i kyrkja kjenner henne som ein god medarbeidar. Menneske i sorg møter eit medmenneske som gjer sitt beste for at gravferdsdagen skal bli så god som mogleg.

Mødrer på babysong får gjerne servert vafler eller ei heimлага kringle – og kjem du på ei gudsteneste står ho oftast i døra og ynskjer deg velkommen.

Jane Bjørk Hestetun er kyrkjetenaren vår, og det har ho vore sidan 2012. Historia om Jane og kyrkja går likevel mykje lenger attende, og det er fleire spesielle band mellom dei. For det første er dei like gamle.

Farnes kyrkje vart som kjent vigsla 12.april 1970. Dagen etter kom Jane til verda, så tettare kan det nesten ikkje bli.

Som mange andre vart ho døypt og seinare konfirmert i denne kyrkja, og mellom det – i 1976/77 gjekk ho på arbeidsstova nede i kjellaren.

Også heime var det ei tilknytning til kyrkja. Bestemora Jorunn Bjørk var med i ein av dei fem kyrkjeringane i bygda. Den i Utladalen heldt fram å arbeida for kyrkja også etter at bygget stod ferdig. Jane budde i same hus som bestemora. Når det var hennar tur å ha møte heime

hjá seg, hjalpste mor til Jane til med kaffikoking og servering. Då fekk unge Jane òg vera med - om enn litt i bakgrunnen.

Når me spør etter minne frå den tida, nemner Jane at det var andakt på samlingane, og at damene hadde med seg salmebøker. Ho hugsar særleg godt eitt møte. Dei hadde fått katt i huset, og då damene stemde i songen, sette katten i å hyla. Dette er eit minne som har sett seg fast. Det var både komisk og litt flautt – særleg fordi Knut Kaldestad var med på møtet den dagen. Han var prest i Årdal då, og var den som hadde konfirmert Jane. – Han var ein kjekk prest og ikkje så streng, seier ho – så me tenkjer at han tålte nok kattejammeret.

Når det gjeld tilhøvet til kyrkja, fortel Jane at ho alltid har tykt det var litt stas å vera like gammal som Farnes kyrkje. At ho skulle bli kyrkjetenar var vel likevel ikkje sjølvsaagt. Gravferder er ein del av arbeidet som mange vil kvi seg litt for, men Jane tykkjer det har gått overraskande bra. Det kjennest meningsfullt om ein kan få leggja til rette og gjera noko for at ein tung dag skal bli så bra som mogleg for dei som er i sorg.

Noko som derimot er berre koseleg, er å vera med på babysong. Før



Ein kyrkjetenar har mange oppgåver. Det nye flygelet treng òg stell. Når lampen på sida blinkar, må Jane syta for å fylla på vatn.



Før gudstenester, gravferder mm gjer Jane alt klart. Her kjem lysa på plass på altaret.

høgtidene er det òg kjekt å vera med på julevandring og påskevandring når det er skuleklassar på besøk.

Elles er det mange ulike oppgåver for ein kyrkjjetenar. Det blir mellom anna ein del vasking. Det er kanskje ikkje det mest spennande, men samstundes ser ein kyrkjerommet på ein annan måte når ein går der mykje. – Eg finn ein slags ro inne i kyrkja, seier Jane, og legg til at ho er spesielt glad i altarbiletet. Det synest

ho blir finare og finare etter som ho studerer det.

Arbeidet som kyrkjjetenar har òg ført noko anna med seg.

I kyrkja har me opp gjennom åra hatt eit godt samarbeid med Hestetun gartneri, og Svein har alltid vore hjelpsam med pynting mm når han kom med blomar til ei gravferd. Innimellom har det då passa med ein kaffikopp før han gjekk att. Men – som Olav prest kommenterte

– Svein har aldri drukke så mange kaffikoppar i kyrkja som etter at Jane byrja som kyrkjjetenar.

Om det var kaffien si fortjeneste skal me ikkje påstå – men møtet mellom kyrkjjetenar Jane og gartner/blomsterdekoratør Svein førte i alle fall til giftarmål nyttårsafta 2013. Vigselen fann sjølvsaft stad i Farnes kyrkje – nærare bestemt i det vesle kapellet i kyrkjetårnet.

Med kyrkjeblikk på Årdalssamfunnet i 62 år

Tekst: Kjell Eldegard, Foto: Årdal Sogelag

I 62 år har Årdalsposten – med undertittelen «Kyrkjelydsblad for Årdal» – med jamne mellomrom dala ned i postkassen til husstandane i Årdal.

Soga om Årdalsposten starta i 1958. Då kom den første utgåva av bladet, med dåverande sokneprest i Årdal, Olav Fjose, som redaktør. Med seg i redaksjonen hadde han i starten Thomas Hæreid og Gunnar Holen. Eit par år seinare, i 1960, hadde Peder Årebru teke over for Holen i redaksjonen.

I år er det ei redaksjonsnemnd med Inger Anne Eldegard som redaktør som står for utgjevinga av bladet, saman med tilsette på kyrkjekontoret.

Ambisjonane i starten var å gje ut bladet kvar 14. dag i løpet av skuleåret. Det vil seia om lag 20 utgåver per år. Også på 1970-talet kom bladet ut med to veker mellomrom i skuleåret. Dei seinare åra er talet på utgåver redusert til fire per år.

HELSING HEIMANFRÅ

Årdal Sogelag har fått hand om utgåver av bladet heilt frå 1958 og fram 2005. Det er slekta til søskena Kari og Birger Haug som har levert

sogelaget kyrkjeblada dei og mor deira, Mari O. Haug, hadde teke så godt vare på.

Den eldste utgåva me har fått tak i er nummer 3 frå 1958, med utgjevsdato 15. februar. Der kan ein mellom anna lesa at soknepresten var innvilga permisjon dei ni første dagane i mars det året. Fjose skulle då vera gjestetalar ved ein evangelisk aksjon i Hardanger og heimbygda si, Voss.

Elles står det ei melding i bladet om sending av Årdalsposten til Amerika. Etter at første utgåva av bladet kom ut ein måned tidlegare, hadde det kome mange spørsmål om dette, frå folk som meinte at for årdøler i Amerika ville det å få tilsendt Årdalsposten vera som å få eit brev med helsing heimanfrå kvar 14. dag.

Å senda bladet til Amerika var fullt mogleg, var svaret. På same måte som til utlandet elles. Bladet sendt til Amerika og til utlandet elles kosta i 1958 ti kroner per år.

Årsabonnementet for Årdalsposten

innanlands kosta i 1958 seks kroner. I 2020 kostar årsabonnementet 250 kroner. Med andre ord ei normal timeløn – i 1958 som i 2020.




Nokre av årgangane frå 1960- og 1970-talet. Dei over 50 år gamle utgåvene er tekne godt vare på.

FAST INNSLAG

I 1958, som i år, var spalta «hendingar i kyrkjelyden» eit fast innslag i alle utgåvene. I nummer 3 frå 1958 kan ein mellom anna lesa at han som i dag er sjefen på Montér Andersen, Kjell Andersen, var boren til dåpen.

Den nemnde spalta stadfestar at Årdal tidleg på 1960-talet var eit samfunn i vekst og med ein høvesvis



Skisse av Farnes kyrkje i Årdalsposten nr 17, 23. november 1962. Slik såg Arkitektfirmaet Arnstein Arneberg ved arkitekt Per Solemslie føre seg utforminga av kyrkja.

ung folkesetnad. I utgåve nummer 11 for 1962, som kom ut 29. august og var den første utgåva etter sommarferien, står det namnet på 42 born som var døypte i løpet av våren/sommaren.

I den nemnde utgåva kan ein også lesa om framdrifta på bygginga av prestebustaden i Øvre Årdal. Det vart meldt at det no var «tett hus», og at snikkarane til byggmeister Olav Skogen skulle vera ferdige med arbeidet innan 15. oktober. Huset skulle stå ferdig slik at hjelpepresten i Øvre Årdal, som på den tida var Anders Myklebust, kunne flytta inn den 20. november.

KAPELLANI

I 1962 vart det elles arbeidd for å få skipa eit kallskapellani i Øvre Årdal, og dermed gjera hjelpepreststillinga om til kallskapellan. To soknemøte i Årdal, eitt på Årdalstangen og eitt i Øvre Årdal, hadde vedteke å senda ei oppmoding til Kyrkjedepartementet om dette. Kommunestyret hadde samrøystes vedteke at Årdal kommune sa seg villig til å ta meirkostnadene med eit kallskapellani. Også biskop Per Juvkam i Bjørgvin bispedøme gjekk sterkt inn for denne saka.

Kyrkje og bedehus

På 1960-talet var det mykje arbeid med kyrkjebygg i Årdal. Årdal kyrkje på Årdalstangen hadde 100-årsjubileum i 1967. Kyrkja på Årdalstangen vart bygd som ei følgje av den nye kyrkjelova frå 1850-talet. I følgje den nye lova stetta ikkje den

gamle stavkyrkja på Tangen krava som var sett til eit kyrkjebygg, og ho vart difor riven.

I Øvre Årdal var arbeidet for å få bygd Farnes kyrkje kome i gang. I Årdalsposten nummer 17/1962, som kom ut 23. november, vart ei skisse av kyrkja, teikna av arkitekt Per Solemslie i Arkitektfirmaet Arnstein Arneberg presentert. Skissa er mykje lik det som vart den endelege utforminga av Farnes kyrkje, som vart vigsla om lag åtte år seinare, i april 1970.

UTGREIING

Arkitekten hadde skrive ei lengre utgreiing om framlegget sitt, mellom anna dette: «Kirkebygningens beliggenhet på flaten mellom de høye fjell, stiller spesielle krav til utformingen. Vi har valgt å gi bygningen kraftige, tette masser, som hevder seg til tross for den voldsomme natur. Av samme grunn har kirken ikke det tradisjonelle, spisse tårn, men mer et tårn som organisk hever seg opp av de solide bygningsmasser, og markerer den kraftige silhuett.»




Farnes kyrkje hausten 2016. Ikkje så ulik skissa arkitekten laga i 1962, åtte år før ho stod ferdig.

Arkitekt Solemslie fortel at dei har følgd den same linja i val av materialar, ved at kyrkja skal byggjast med upussa teglstein. «Et materiale som både med sin farge og grove karakter vil understreke bygningens form», skreiv Solemslie i utgreiinga si.

HEIS

På siste halvdel av 1960 talet vart også bedehuset på Årdalstangen bygd. Mykje var arbeidet med huset, som no har nemninga



Bilete frå dugnadsarbeid på bedehuset. Bak til venstre er dåverande lensmannsbetjent Helge Hjeltnes. Framfor Hjeltnes står Jostein Solheim, so er det Ottar Kollsete med selabukse, nestemann heiter Kristoffer Sie. Heilt til høgre er Rolf Bakke. (Foto: Årdal Sogelag)

Kyrkjelydshuset, vart gjort på dugnad.

Det vel 50 år gamle bygget mangla heilt til nyleg tilrettelegging for rørslehemma. Bygging av heis i huset var på trappene for nokre år sidan, men stranda på den dårlege kommuneøkonomien, som gjorde Årdal til ein sokalla ROBEK-kommune.

Det ordna seg likevel med heis i Kyrkjelydshuset. Ein kombinasjon av kommunale løyvingar og innsamla midlar gjorde at heis og anna naudsynt modernisering av huset vart gjort i 2018 og 2019.

Dette vart eit stutt tilbakeblikk på det over 60 år lange livet til Årdalsposten. Artikkelen vart først presentert i Årdal Sogelag sitt blad, «Årdal Før og No» nummer 47, i desember 2016.

Fellessamling for alle klubbane

Tekst: Inger Anne Eldegard, Foto: Ruth Jane Øren og IAE

I byrjinga av desember var det duka for juleverkstad i Kyrkjelydshuset.

Her var alle tre klubbane med. Først kom dei yngste frå Solsikka og Miniklubben til song, forteljing og hobbyarbeid.

Dei frå Tårnagentklubben kom slik at alle kosa seg i lag med julegraut og gløgg, og så var dei store sin tur til å ha juleverkstad då dei minste hadde gått heim. Her får du nokre gløtt av korleis me hadde det.

Hjarteleg velkommen til ei koseleg stund i kyrkja på torsdagar frå klokka 10 og utover.





Velkommen til babysong!

Tekst: Inger Anne Eldegard, Foto: Ruth Jane Øren

I fleire år har me i kyrkja hatt god hjelp til babysongen av Elizabeth Stewart Søvik, som har hatt desse samlingane i lag med organistane våre.

No har Elizabeth byrja i ny stilling utanfor bygda, og me måtte finna ei anna løysing.

Ruth Jane Øren har teke på seg å vera med å ha babysong framover, ved sida av arbeidet sitt på kyrkjekontoret.

Dette trur me er ei god løysing.

Til no i 2020 har det vore nokre samlingar i Farnes

kyrkje, men det er mogleg me vil veksle litt mellom Øvre og Tangen etter kvart. Dette vil me i tilfelle informera om på Facebook og ved plakatar.

Her er nokre glimt frå den første samlinga dette året.

Som før syter Jane for ein matbit til foreldra (og evt dei største borna) etter song- og musikkstunda med Bert og Ruth Jane.

Hjarteleg velkommen til ei koseleg stund i kyrkja på torsdagar frå klokka 10 og utover.

PÅSKEMÅLTID I KYRKJELYDSHUSET SØNDAG 29.MARS KL.16.00

Velkommen til å vera med på ei spesiell oppleving – ein fin opptakt til påsken!

Me dekkar langbord og feirar påskemåltid med ingrediensar som har vore brukte i jødisk påskefeiring i meir enn 3000 år, og tilnærma slik Det nye testamentet skildrar siste måltidet Jesus hadde med venene sine sine. Det vert song og opplesing, og måltidet består av ein varmmrett og enkel dessert.

Av omsyn til maten set me pris på om de melder dykk på seinast onsdag 25.mars til kateket Inger Anne Eldegard - tlf. 99104650. Ingen inngangspengar, men det vert høve til å gje ei gåve for å vera med å dekkja kostnadene.

Alle er hjarteleg velkomne!

Arr.: Kyrkja i Årdal

KAFFEKROKEN

© Hans Johan Sagrusten



«Den fyrste song» i Årdal kyrkje

Tekst og bilete: Johanne Molland

Laurdag 30.november i fjor hadde Årdal kyrkje besøk av Longhorn frå Lærdal. Gruppa består av Kristen Olav Grøtnebø, Magne Grøtnebø, Steinar Kvigne og Ragnar



Sanden. Gruppa har lang erfaring og kan anbefalast på det sterkaste. Konserten kom istand etter eit initiativ frå Oddgeir Øren som ynskte å hedra livet til dikteren Per Sivle som skreiv «Den fyrste song», eit nydelege verk som gjennom generasjonar har vore brukt som voggesang av mange foreldre. Per Sivle var fødd i Flåm i Aurland, men voks opp på Stalheim i Voss kommune. Mor til Per døydde då guten berre var tre år gammal.

Konserten vart opna med framføring av den kjente voggesangen av Freek på piano og Oddgeir på trompet. Elizabeth Stewart Søvik deltok også på konserten og framførde blant anna Shallow i duett med Kristen Olav Grøtnebø. Det vart ei stemningsfull oppleving for alle som hadde møtt fram i kyrkja denne ettermiddagen. Soknerådet ynskjer å takka alle som bidrog til dette arrangementet.

«MUSIKALSK SMÅGODT» i Årdal kyrkje 11.desember 2019

Tekst og bilete: Johanne Molland

Bilete frå konserten «Musikalsk smågodt» den 11.desember med Årdalstangen Musikklag og gjester. Her deltok elevar frå VDV både med song og drama, og Elizabeth Stewart Søvik og Siri Benjaminsen med song. Musikklaget med Oddgeir Øren i spissen hadde regien, og det vart ein vellukka konsert med både små og store musikarar på scena.

Takk til alle som stilte opp i ei travel førjulstid.



Julemessa

Tekst: Inger Anne Eldegard, Foto: Anne Margrete Hatlelid og Ruth Jane Øren

Sjølvsom det er lenge sidan jul, tek me med eit par glimt frå julemessa som i år var i det nyoppussa Kyrkjelyds huset.

Som tidlegare år stod Årdal i Sogn Røde Kors og Nedre Årdal Kyrkjering saman om å arrangera julemessa. Born og unge deltok med song og anna underhaldning, og

mykje folk kom innom på messa. I tillegg var det selt ein god del lodd på førehand.

Det økonomiske resultatet vart derfor godt:

Kyrkjeringen opplyser at dei fekk inn 31 800 kr.

Røde Kors fekk inn i alt 39 683. Av dette var 4 470 kr inntekter frå kjøpensalg, som vert delt mellom dei to føremåla.



Takk!

Hjarteleg takk til næringsdrivande i Årdal som støtta oss med gåver, og til alle som kjøpte lodd på utlodninga på Julemessa!

Årdal i Sogn Røde Kors

Nedre Årdal Kyrkjering

Pensjonistlaget

Tekst og bilete: Odd Øvregard

Årdal Pensjonistlag gjennomførte tysdag den 28. januar 2020 årsmøte og medlemsmøte i store salen i det nyss ombygde Kyrkjelydshuset på Årdalstangen. Eit flott bygg som høver godt for slike tilstellingar. Lyse og romslege lokal med god adgang for rullestolbrukarar med rampe ute og heis inne, i tillegg nyoppssa toalett.

Heile 125 møtte opp på års/medlemsmøtet vårt denne ettermiddagen, sikkert mange også for å sjå huset etter ombygging.

Årdal Pensjonistlag vil gratulere med ny storstove på Årdalstangen, og vil i framtida nytte desse lokala både titt og ofte til medlemsmøta våre.



Eldretreff i kyrkjelydshuset

Tekst og bilete: Inger Anne Eldegard

På Årdalstangen har me i fleire år hatt Eldretreff midt på dagen. Mange tykkjer er greitt, særleg om vinteren. Men då er det greitt å sleppa å skunda seg heim for å laga middag.


Derfor er me heldige som har Aud (Læg Reid) som stiller opp og lagar varm mat.

Her er nokre glimt frå Eldretreffet i februar – då var det gryterett på menyen.

Fotografen vart sjølv så oppteken at ho reint gløymde å ta bilete før Aud var komen til oppvasken – men fekk i alle fall med at alle kosa seg med både mat og prat. Freek hadde eit par musikkstykker i tillegg å spela til allsongen, og Inger Anne hadde andakten. Mange kjekke damer som kjem når det er eldretreff – karane veit kanskje ikkje kva dei går glipp av?



Kva skjer?



BABYSONG

Torsdagar i Farnes kyrkje kl. 10.00

SOLSIKKA

Onsdagar kl. 17.00 i Kyrkjelydshuset

MINIKLUBBEN

Onsdagar kl. 17.00 i Farnes kyrkje

TÅRNAGENTKLUBBEN

Annakvar onsdag kl. 18.30 i Farnes kyrkje

KOR

- Årdal gospelkor,
Farnes kyrkje torsdagar kl. 19.00-21.00
- Årdalskoret,
Farnes kyrkje tysdagar kl 19.00-21.00

PÅSKEMÅLTID I KYRKJELYDSHUSET 29.MARS

Sjå meir på side 11.

HELGA FARESTVEIT SYNG PÅ LANGFREDAG

Ho har ein minikonsert i samband med gudstenesta i Årdal kyrkje. Pasjonsmusikk og vårlege musikkinnslag.

BASAR

19. april arrangerer Nedre Årdal sokneråd basar i Kyrkjelydshuset. Soknerådet tek gjerne i mot gevinstar til basaren. Gevinstane kan leverast på kyrjekontoret.

OPPLEGG I VIKADALEN FOR ALLE 3-ÅRINGAR

Alle treåringar vert inviterte til opplegg i Vikadalen onsdag 6.mai. Her er heile familien velkommen, og me får m.a. møta lamma på Hovland gard. Brev vert sendt i posten til dei me har i vårt register, men sei gjerne frå om det er nokon som ikkje får dette.

ÅRDALSPOSTEN

kyrkjelydsblad for årdal

Utgjevar er sokneråda i Årdal.



Redaksjonsnemnd: Kjell Eldegard, Hogne Linga, Ruth Jane Øren og Inger Anne Eldegard.

Vara: Leif Åberge

Redaktør: Inger Anne Eldegard.

Kasserar: Hogne Linga, Kyrjekontoret, Postboks 41, 6881 Årdalstangen.

Bankgiro: 3730 20 06815

Adresse kyrjekontoret: Postboks 41, 6881 Årdalstangen

Neste nr. kjem ut ca. 15.juni 2020. Stoff til dette nummeret kan leverast til kyrjekontoret ved Inger Anne Eldegard eller Ruth Jane Øren innan 10.mai.

Epost: iaeldegard@gmail.com eller Ruth.Jane.Oren@ardal.kommune.no

Design og trykk: Kortlevert/Printfarm (www.printfarm.no)

Les meir om arrangementa våre på Facebook og Instagram!

Følg oss på:



kyrkja-i-aardal



Kyrkja i Årdal



Babysong – Kyrkja i Årdal

 sparebanken sogn og fjordane	ÅRDAL CATERING Vi leverer alt innen mat og servering. Ring: 902 21 804	Sogn  gravferdshjelp Telefon heile døgnet: 57 68 14 77 Kjell Grønli Hans Magne Kvåle Hege Urnes Ingar Husum AVD. ÅRDAL: Tangevegen 16, 6885 Årdalstangen Sogndal: Parkvegen 3, 6856 Sogndal www.sogngravferdshjelp.no
 Printfarm.no WEBSHOP - EKSPRESSTRYKK post@skrivargarden.no // Tel. 57 66 23 60	 Sogn Kontorsenter DIN LOKALE LEVERANDØR I ÅRDAL www.sognkontorsenter.no	<i>Gravstøtter og tilbehør</i> Stort utval Skrifthogging og oppussing Marit Buene, tlf. 900 35 903 Repr. for Nerlands Granittindustri www.varigminne.no
 SEIMSDAL KRAFT	KIWI mini pris ÅRDALSTANGEN	 HMR
Montér Andersen	 tangen sport a.s.	Årdal Byggservice AS Årdalstangen Tlf: 57 66 14 33 www.ardalbygg.no BYGGERIET 
Bademiljø ÅRDAL RØR OG SANITÆR A/S 6881 Årdalstangen, telefon 57 64 88 40	Start turen hos sport 1 Årdal Tlf.: 57 66 30 33	Sogn  Sparebank Tlf.: 57 64 85 10
TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL? Vi er her. Alltid. kirken-sos.no  SOS MELDING  SOS CHAT  KIRKEN S SOS	LEDIG ANNONSEPLASS Vil du annonsera hjå oss? Støtt Årdalsposten og nå ut til alle husstandar i Årdal	 årdalsnett Årdalsnett AS Utladalsvegen 1, 6884 Øvre Årdal Tlf: 57 66 44 00 • www.ardalsnett.no

I glede og sorg

ØVRE ÅRDAL SOKN

DØYPTE

Kaja Brun Søvdsnes	02.02.20
Emilie Kvam Hestetun	16.02.20

DØDE

Hjørdis Lindemann Hestetun	f. 1945
Oddvar Øy	f. 1942
Otmar P. Nundal	f. 1929
Lauritz Gulbrandsen	f. 1942
Thor Lunde	f. 1935
Øystein Røysi	f. 1979
Solveig Osland	f. 1925
Petra Marie Torvund	f. 1930
Jo Ragnar Sønstlien	f. 1944
Anne Margrethe Alfheim	f. 1925
Ella Marie Johnsen	f. 1934
Edith Alhaug	f. 1931

OFRINGAR I FARNES KYRKJE

Kyrkjelydsarbeidet	494,-
NMS	2.450,-
Kirkens Nødhjelp	6.470,-
NMS	8.145,-
Kyrkjelydsarbeidet	891,-
Kyrkjelydsarbeidet	523,-
Barne og ungdomsarbeidet	778,-



Hanne Smedegård og Steinar Moene gifta seg i Årdal kyrkje 26.10. 2019.

Vi takkar brudeparet for lån av biletet.

NEDRE ÅRDAL SOKN

DØYPTE

Tone Borkhus Natvik	17.11.19
Noah Aalen	08.12.19
Thea Offerdal Moen	12.01.20
Lucas Mjøs Micali (busett i Oslo)	09.02.20
Sigrid Frønningen Natvik	09.02.20

DØDE

Sven Vangen	f. 1937
Sigurd Refseth Hovland	f. 2000
Edmund Bugge Hæreid	f. 1934
Harry Sandvik	f. 1952
Anna Rinde	f. 1933
Jon Skogli	f. 1959

OFRINGAR I ÅRDAL KYRKJE

Leger utan grenser	700,-
Barne og ungdomsarbeidet	2.456,-
NMS Mali prosjekt	1.230,-
Barne og ungdomsarbeidet	2.975,-
Kyrkjelydsarbeidet	2.715,-
Barne og ungdomsarbeidet	5.615,-
Lyngmo ungdomssenter	1.334,-
SOS Barnebyer	450,-
Barne og ungdomsarbeidet	1.310,-

VIGDE

Hanne Smedegård	26.10.2019
og Steinar Moene (var utegløymt i førre nr)	

INFORMASJON OM DÅP!

Kyrkjekontoret får ikkje lenger tilsendt fødselsmeldingar frå folkeregisteret. Me får difor ikkje sendt ut opplysningar om dåp. Ynskjer du informasjon om dåp, ta kontakt med kyrkjekontoret.

Gudstenester i Årdal

Våren 2020

1. MARS 1. SØNDAG I FASTETIDA

Kl. 11.00 Farnes kyrkje. Høgmesse.

8. MARS 2. SØNDAG I FASTEIDA

Kl. 16.00 Årdal kyrkje.

Gudsteneste på Kvinnedagen.

15. MARS 3. SØNDAG I FASTETIDA

Kl. 11.00 Farnes kyrkje. Høgmesse.

22. MARS MARIA BODSKAPDAG

Kl. 11.00 Årdal kyrkje. Høgmesse.

29. MARS 4. SØNDAG I FASTETIDA

Kl. 11.00 Farnes kyrkje. Høgmesse.

5. APRIL PALMESØNDAG

Kl. 11.00 Årdal kyrkje.

9. APRIL SKJÆRTORS DAG

Kl. 12.00 St. Thomas kyrkja.

Kl. 18.00 Farnes kyrkje.

10. APRIL LANGFREDAG

Kl. 18.00 Årdal kyrkje.

11. APRIL PÅSKAFTAN

Kl. 12.30 Skihytta i Fardalen.

Andakt i samband med skirenn.

12. APRIL 1. PÅSKEDAG

Kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste.

Vigslingsdato Farnes kyrkje 50 år.

19. APRIL 2. SØNDAG I PÅSKETIDA

Kl. 16.00 Farnes kyrkje.

Temagudsteneste for konfirmantane.

26. APRIL 3. SØNDAG I PÅSKETIDA

Kl. 16.00 Årdal kyrkje.

Temagudsteneste for konfirmantane.

1. MAI

Kl. 10.30 Farnes kyrkje.

Kl. 14.00 Årdal kyrkje.

3. MAI 4. SØNDAG I PÅSKETIDA

Kl. 10.00 Farnes kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.

Kl. 12.00 Farnes kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.

10. MAI 5. SØNDAG I PÅSKETIDA

Kl. 11.00 Årdal kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.

Kl. 13.00 Årdal kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.

17. MAI

Kl. 09.45 Årdal kyrkje.

Kl. 11.00 Farnes kyrkje.

24. MAI. SØNDAG FØR PINSE

Kl. 11.00 Farnes kyrkje. Høgmesse.

31. MAI. PINSEDAG

Kl. 11.00 Årdal kyrkje. Høgmesse.

7. JUNI. TREEININGSSØNDAG

Kl. 11.00 Farnes kyrkje. Høgmesse.

14. JUNI. 2. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 11.00 Årdal kyrkje. Høgmesse.

NB! Gudstenesteprogrammet blir sett opp fleire veker på førehand. Vi gjer merksam på at det kan koma endringar. Sjå oppslag eller Sogn Avis laurdagane for heilt korrekte opplysningar.

GÅR DU MED GIFTEPLANAR?

Veit du at det finst eit kapell i klokketårnet i Farnes kyrkje? Her er det plass til om lag 20 personar og passar fint om ein t.d. ynskjer ein enklare vigselsseremoni. Det er òg høve til å ha seremoni «Under Skåri» i Utladalen, «Ne fø`sjøen» i Offerdalen og ungdomshuset i Vikadalen. Ta kontakt med kyrkje-kontoret om du ynskjer meir informasjon om dette.



BARNAS side

Fargelegg!

Jesus rei inn i Jerusalem på eit esel, og blei hylla som ein konge.

Teikning: Claudia Chiaravalotti



Finn vegen til den tomme grava!

Følg Jesus gjennom Jerusalem frå palmesøndag til påskedag.



Finn 5 feil

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

VITSAR

– Pappa har byrja på bakekurs. I går lærte dei å bake bollar.
– Blei bollane gode?
– Kjempefine! Vi spelte bordtennis med dei heile kvelden.

Korleis finn myggen ut kva for blodtype eit menneske har?
Svar: Dei tar stikkprøver.